

Forslag 4: Forslagsstiller Bataljonen

Diskusjonssak:

- Korleis skal Supporter-Norge stille seg samla til den gjentakande utfordringa med politi på tribunene, og korleis bør vi gå fram for å løyse problemet?
- Korleis bør vi samla gå fram for å stoppe tendensen til at politiet opptre på vegne av kamparrangørane?

Bakgrunn:

Vi ser med jamne mellomrom at politiet er til stades på supportertribunene, og at dei til tider også opptre på oppdrag frå kamparrangørane for å stoppe uønska atferd. Seinast under cupfinalen greip politi inn for å ta ned bannere på FFK-tribunen for å sensurere budskap NFF ikkje ønska. Politiets oppdrag er å handheve norske lover (inkludert ytringsfridomen), ikkje å vere vektarar med utvida makt. Straks politiet tar til å operere som forlenga armer for kamparrangørar i fotballen, gjer dette vilkåra for aktive supportarar langt verre.